

864338712

OSTERØY KOMMUNE

Mobilnummer

957 55 185

E-postadresse

post@osteroy.kommune.no

Kontonummer **** * 00043

Vedtaksdato

31.03.2023

Vedtaket er gjort av

Statsforvaltaren i Vestland

Søknadsdato

15.02.2023

Vår referanse

2023/2867, Agros 221129

Tildeling av stimuleringstilskot til kommunal veterinærdekning for 2023

Vi viser til søknaden dykkar om 600 000 kroner i stimuleringstilskot til kommunal veterinærdekning for 2023.

Vedtak

OSTERØY KOMMUNE får tildelt 290 000 kroner i stimuleringstilskot til veterinærdekning på dagtid for Osterøy Kommune, Bergen Kommune for 2023.

Beløpet blir overført til kontonr. **** * 00043 i løpet av ei veke. De må bruke tilskotet i tråd med vilkåra i dette vedtaket. De kan ikkje klage på vedtaket.

Vilkår

- Tilskotet kan berre brukast til tiltak som bidrar til å sikre veterinærdekninga på dagtid.
- Tilskotet kan ikkje brukast til å finansiere andre føremål som mottek støtte, som til dømes veterinærreiser eller klinisk veterinær vakt utanom ordinær arbeidstid.
- Tilskotet må brukast opp i det kalenderåret det er tildelt for.
- Kommunen skal rapportere om bruken av tilskotet før søknadsfristen neste år.

Krav til rapportering

Når kalenderåret er omme skal kommunen rapportere om korleis de har brukt midla og gi opplysningar om

- alle tiltak kommunen har brukt midla på
- beløp per tiltak
- eventuelle endringar frå planen de oppga i søknaden
- grunngjeving for eventuelle endringar
- effekten av gjennomførte tiltak
- eventuelt beløp som ikkje er utbetalt
- kommunen si eiga finansiering av veterinærtenester ved sidan av stimuleringstilskotet og vakt- og administrasjonstilskotet til veterinærdekning frå staten

Rapporteringa skal de gjere i søknadsskjemaet for stimuleringsstilskot til veterinærdekning for neste år – seinast innan søknadsfristen statsforvaltaren har sett i utlysinga. Om kommunen ikkje skal søkje om stimuleringsstilskot igjen, skal de rapportere direkte til statsforvaltaren.

Grunngjeving for vedtaket

Tilskot til kommunal veterinærdekning byggjer på Stortinget sitt statsbudsjettvedtak for 2023. Føremålet med ordninga er å fremje stimuleringsiltak som kan bidra til å sikre tilfredsstillande tilgang på tenester frå dyrehelsepersonell i næringssvake distrikt. Dette står i Prop. 1 S frå Landbruks- og matdepartementet.

Søknaden er handsama i tråd med retningslinene i Landbruksdirektoratet sitt rundskriv om forvaltninga av tilskotsordninga. De finn lenker til Prop. 1 S og rundskrivet på [Landbruksdirektoratet sine nettsider om stimuleringsstilskot](#). Ved fordelinga av tilskotet mellom kommunane skal statsforvaltaren særleg leggje vekt på om

- behovet for veterinærtenester i området er så lite at det ikkje er tilstrekkeleg næringsgrunnlag til å kunne drive ein berekraftig veterinærpraksis
- området er prega av lavt dyretal og krevjande infrastruktur
- det er vanskeleg å rekruttere og behalde veterinærar i området
- det er lagt planar for gode, langsiktige, lokale løysingar for veterinærtenester

Statsforvaltaren i Vestland fekk tildelt 6 342 000 kroner i stimuleringsstilskot til veterinærdekning for 2023. Dette er ein auke på 163 000 kroner frå året før. Kommunane/vaktområda søker om totalt 14,6 millionar kroner.

Tilskotet til Osterøy kommune skal gå til driftsstøtte til veterinærane i distriktet.

Kontroll

Statsforvaltaren kan kontrollere at de bruker midla i tråd med vilkåra for tildelinga. Ved kontroll har kommunen plikt til å gi statsforvaltaren nødvendige opplysningar og dokument.

Tilbakebetaling

Om de bruker midla i strid med vilkåra, kan de måtte betale tilbake heile eller delar av tilskotet. Tilskotsmiddel som ikkje blir brukte i kalenderåret dei er tildelte for, må de betale tilbake.

Ikkje klagerett

Dette er ikkje eit enkeltvedtak etter forvaltningslova, og kommunen kan derfor ikkje klage på det. Meir informasjon om dette finn de i kapittel 6 i rettleiaren *Om etablering og forvaltning av tilskotsordningar i staten* frå Finansdepartementet.

Med helsing
Statsforvaltaren i Vestland

Saksbehandla av: Mary Ueland
Godkjend av: Christian Rekkedal